



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
080/22	Formannskapet	11.08.2022
034/22	Kommunestyret	11.08.2022

<b>Sakshandsamar:</b> Monika Lysne	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaksnr.:</b> 19/849 - 71
------------------------------------	---------------	-------------------------------------

### Kort samandrag:

MetoPro AS har på vegne av Lærdal Golfklubb utarbeida framlegg til reguleringsplan for ny golfbane på Ljøsne (Sløgrandane) og utviding av masseuttaket på Mo som har vore lagt ut til offentleg ettersyn og høyring. Det kom inn 5 merknadar til planframlegget, og 2 av desse inneheldt motsegner frå statlege myndigheiter.

### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek Reguleringsplan for Sløgrandane med golfbane og utvida masseuttak, jf. Plan- og bygningslova § 12-12. Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-13 vert motsegnene frå Statsforvaltaren ikkje teke til følgje. Reguleringsplanen vert med dette gjeve rettsverknad for den delen av planen (plankart og føresegner) som omhandlar arealføremålet masseuttak, men ikkje for den delen av planen (plankart og føresegner) som omfattar føremålet golfbane, som er omfatta av motsegner frå Statsforvaltaren i Vestland.

Vedtaket av den delen av planen som omhandlar arealføremålet masseuttak, vert gjort med følgande vilkår:

- Det skal utarbeidast støyvurdering og trafikkanalyse knytt til utvida masseuttak, og at det skal vurderast og gjennomførast avbøtande tiltak for nærmiljøet i samråd med kommunen innan det nye utvida masseuttaksområde vert teken i bruk. Analysane og avbøtande tiltak (med tidsfristar for gjennomføring) skal godkjennast skriftleg av kommunen før tiltakshavar kan starte uttak på arealet regulert til utvida masseuttakområde.
- I nytt utvida uttaksområde kan det ikkje takast ut massar under omkringliggjande terrengnivå, for å unngå å etablere nytt flaumareal.

Den delen av planen som vert omfatta av motsegn frå Statsforvaltaren (føremålet golfbane)

vert sendt til departementet for endeleg avgjerd. Grunngeving for å ikkje ta motsegna til følgje kjem fram av vurderinga.

Motsegner frå NVE vert tekne til følgje og vedtak om å sende reguleringsplan til departementet vert gjort med føresetnad av at NVE trekk deira motsegner før handsaming av departementet. Grunngeving for å ta motsegnene til følgje, kjem fram av vurdering av saka.

Kommunestyret ser ikkje at det er grunnlag for å gjennomføre mekling i denne saka.

## **11.08.2022 Formannskapet**

### **Handsaming i møtet:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

### **FS - 080/22 Vedtak**

Kommunestyret vedtek Reguleringsplan for Sløgrandane med golfbane og utvida masseuttak, jf. Plan- og bygningslova § 12-12. Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-13 vert motsegnene frå Statsforvaltaren ikkje teke til følgje. Reguleringsplanen vert med dette gjeve rettsverknad for den delen av planen (plankart og føresegner) som omhandlar arealføremålet masseuttak, men ikkje for den delen av planen (plankart og føresegner) som omfattar føremålet golfbane, som er omfatta av motsegner frå Statsforvaltaren i Vestland.

Vedtaket av den delen av planen som omhandlar arealføremålet masseuttak, vert gjort med følgande vilkår:

- Det skal utarbeidast støyvurdering og trafikkanalyse knytt til utvida masseuttak, og at det skal vurderast og gjennomførast avbøtande tiltak for nærmiljøet i samråd med kommunen innan det nye utvida masseuttaksområde vert teken i bruk. Analysane og avbøtande tiltak (med tidsfristar for gjennomføring) skal godkjennast skriftleg av kommunen før tiltakshavar kan starte uttak på arealet regulert til utvida masseuttakområde.
- I nytt utvida uttaksområde kan det ikkje takast ut massar under omkringliggjande terrengnivå, for å unngå å etablere nytt flaumareal.

Den delen av planen som vert omfatta av motsegn frå Statsforvaltaren (føremålet golfbane) vert sendt til departementet for endeleg avgjerd. Grunngeving for å ikkje ta motsegna til følgje kjem fram av vurderinga.

Motsegner frå NVE vert tekne til følgje og vedtak om å sende reguleringsplan til departementet vert gjort med føresetnad av at NVE trekk deira motsegner før handsaming av departementet. Grunngeving for å ta motsegnene til følgje, kjem fram av vurdering av saka.

Kommunestyret ser ikkje at det er grunnlag for å gjennomføre mekling i denne saka.

## 11.08.2022 Kommunestyret

### Handsaming i møtet:

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

### KS - 034/22 Vedtak

Kommunestyret vedtek Reguleringsplan for Sløgrandane med golfbane og utvida masseuttak, jf. Plan- og bygningslova § 12-12. Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-13 vert motsegnene frå Statsforvaltaren ikkje teke til følgje. Reguleringsplanen vert med dette gjeve rettsverknad for den delen av planen (plankart og føresegner) som omhandlar arealføremålet masseuttak, men ikkje for den delen av planen (plankart og føresegner) som omfattar føremålet golfbane, som er omfatta av motsegner frå Statsforvaltaren i Vestland.

Vedtaket av den delen av planen som omhandlar arealføremålet masseuttak, vert gjort med følgjande vilkår:

- Det skal utarbeidast støyvurdering og trafikkanalyse knytt til utvida masseuttak, og at det skal vurderast og gjennomførast avbøtande tiltak for nærmiljøet i samråd med kommunen innan det nye utvida masseuttaksområde vert teken i bruk. Analysane og avbøtande tiltak (med tidsfristar for gjennomføring) skal godkjennast skriftleg av kommunen før tiltakshavar kan starte uttak på arealet regulert til utvida masseuttakområde.
- I nytt utvida uttaksområde kan det ikkje takast ut massar under omkringinggjande terrengnivå, for å unngå å etablere nytt flaumareal.

Den delen av planen som vert omfatta av motsegn frå Statsforvaltaren (føremålet golfbane) vert sendt til departementet for endeleg avgjerd. Grunngeving for å ikkje ta motsegna til følgje kjem fram av vurderinga.

Motsegner frå NVE vert tekne til følgje og vedtak om å sende reguleringsplan til departementet vert gjort med føresetnad av at NVE trekk deira motsegner før handsaming av departementet. Grunngeving for å ta motsegnene til følgje, kjem fram av vurdering av saka.

Kommunestyret ser ikkje at det er grunnlag for å gjennomføre mekling i denne saka.

### Vedlegg:

Fråsegn med motsegn mot detaljreguleringsplan for golfbane og utvida masseuttak ved Sløgrandane i Lærdal kommune

Reguleringsplan - offentleg ettersyn og høyring - golfbane og utvida masseuttak - Sløgrandane - Lærdal kommune

Uttale - Reguleringsplan for golfbane og utvida masseuttak på Sløgrandane til offentleg ettersyn og høyring

Høyringsinnspel golfbane grustak

NVE fremjar motsegn - Detaljeguleringsplan for golfbane og utvida masseuttak på Sløgrandane - Lærdal kommune  
Reguleringsplan for ny golfbane på Ljøsne og utviding av masseuttak på Mo - utlegging til offentlig ettersyn  
Tilbakemelding etter synfaring i samband med reguleringsplanarbeid for golfbane og masseuttak  
Golfbaneprosjekt på Sløgrandane i Lærdal kommune - referat frå møte og synfaring 5.5.2021  
Lærdal kommune - Tilleggsfråsegn i samband med planarbeid for golfbane og masseuttak på Ljøsne - Sløgrandane  
Epost-stadfesting frå kommunen om at mekling ikkje er naudsynt  
Epost - stadfesting frå Statsforvaltaren om avgrensing for motsegn

### **Relevante dokument i saka**

Planframlegg med vedlegg kan lesast her: <https://www.laerdal.kommune.no/reguleringsplan-for-golfbanemasseuttak-paa-slograndane-paa-hoeyring.6515233-506452.html>

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningslova §§ 5-4, 5-5, 12-12, 12-13

### **Saksutgreiing**

Lærdal Golfklubb er i en prosess for å få godkjenning til å bygge ei 9-hols golfbane på Ljøsne. Dei har arbeida med dette sidan 2017, og det har vore gjennomført ein lang og omfattande prosess for å koma fram til eigna areal. Det har vore gjort vurderingar av fleire alternative lokaliseringar. Lærdal kommune har vore involvert i heile prosessen, saman med grunneigarane for arealet. Det er inngått rammeavtalar med grunneigarane for leige 30 år. Lærdal Golfbane AS er etablert, og vil vera ansvarleg for planarbeid, bygging og drift. Mykje av finansieringa av ny golfbane er på plass, og det har vore svært lite motstand kring planlegging av golfbana lokalt. Området som er utpeika til svært eigna, er eit attgroingsområde, og delvis eit landbruksareal. Over området går ei større kraftlinje, der skogen er hogd ned i traseen. Golfklubben har brukt mykje tid og ressursar på plan- og banepanlegginga, og kommunen har spelt inn ulike omsyn, behov for utgreiingar osv. Det har vore mange møter med kommunen, der spesielt plan og landbruk har følgd heile prosessen, men og andre frå kommunen har delteke ofte. Det har vore drøftingsmøte og synfaringar med administrasjonen og Statsforvaltaren, og kommunestyret har og vore på synfaring i området. Planføre måla er og innarbeida i framlegg til arealdel, som etter framdriftsplanen skal leggjast fram til vedtak hausten 2022.

Voll Lunde Maskin as har drive uttak av massar på eigedomen gnr 6 bnr 4 sidan 1999. Det byrjar å minke på massane i eksisterande uttak. Dette masseuttaket er planlagt utvida for å få ein sikrare tilgang på grusmassar i Lærdal kommune for framtida. Grunneigar er positiv til planen. Utviding av masseuttaket på Mo vert sett i samanheng med golfbane, då etterbruken av delar av arealet til masseuttaket er aktuelt for golfbana etter uttaket. Kommunestyret fastsette planprogrammet i møte 05.11.2020, og dette har vore utgangspunktet for den vidare prosessen med utgreiingar, ROS-analyse og planomtale.

Det er vurdert at planen er utredningspliktig etter forskrift om konsekvensutredningar §4 og §10, vedlegg II. Alle planar som krev konsekvensutredning, skal ha eit planprogram. Tiltakshavarane har på bakgrunn av dette, utarbeida planprogram for det aktuelle området. Det er i dette arbeidet komme fram utfordringar knytt til spesielt biologisk mangfald og kulturminne i området. Det har vore gjennomført dialogmøte og synfaring med Statsforvaltaren, der og landbruksavdelinga vår var deltakande. Det har kome fram kartlagde raudlistartar og viktige naturtypar innanfor planområdet i planprosessen. Det er gjennomført kartlegging av kulturminne i området. Når det gjeld landbruk, så har dette vore lite problematisert i planprosessen. I tett dialog med landbruksavdelinga i kommunen, har ein komme fram til at tiltaket er lett reversibelt, og tek lite jordbruksareal i forhold til det som vert frigjort ved å leggje ned den gamle golfbana på Rikheim.

Framlegg til detaljregulering vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn av Utval for miljø og samfunnsutvikling i møte 03.02.22. I forkant var representantar frå administrasjon og tiltakshavarane på møte med Statsforvaltaren for å drøfte redigert planframlegg i høve innspela frå Statsforvaltaren. I høyringsperioden kom det inn 5 merknadar til planframlegget. Av desse var det motsegn frå Statsforvaltaren og NVE.

Berørd statleg og regionalt organ kan fremja motsegn til framlegg til kommuneplanens arealdel og reguleringsplan i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning, eller som av andre grunnar er av vesentleg betydning for vedkommande organ sitt saksområde. Dersom planframlegget er i strid med bestemmelsar i lova, forskrift, statleg planretningslinje, statleg eller regional planbestemmelse, eller overordna plan, kan det verte fremma motsegn. Motsegn skal verte fremma så tidleg som mogleg og seinast innan den frist som er fastsett for høyring av planframlegget. Motsegn skal verte grunngjeve. Motsegn frå statleg og regionalt organ skal vera begrunna i vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer. Finn kommunen ikkje å kunne ta omsyn til motsegna, skal det ordinært skje mekling mellom partane. Dersom ein ikkje kjem til semje under meklinga, treff kommunen planvedtak og sender planen og motsegna, med meklar si tilråding, til departementet. Departementet avgjer om motsegna skal takast til følgje og planen verte endra. Ein kan leggje saka fram utan mekling, dersom det f.eks. kjem fram i dialog med Statsforvaltaren at kompromissløyningar er utfordrande å få til. I denne saka har kommunen hatt dialog med Statsforvaltaren tidleg, og hatt møter og synfaringar, og justeringar av planframlegget for å prøve å komme til semje. Det er likevel fremma motsegn, og i dialog med Statsforvaltaren, har ein komme fram til at det er vanskeleg å finne ytterlegare gode kompromissløyningar i saka som ein kan semjast om. Det er difor teke avgjerd saman med Statsforvaltaren at dialogmøte ikkje vert gjennomført. Det vert vurdert at partane står for langt frå kvarandre til å koma til semje i saka, så det vert i dialog med Statsforvaltaren konkludert med at mekling heller ikkje er naudsynt i denne saka. Når det føreligg motsegn til reguleringsplanen, kan ikkje kommunestyret vedta planen sjølv, men saka må løftast til endeleg avgjerd til departementet. Dersom motsegna knyt seg til klart avgrensa delar av planen, kan kommunestyret likevel vedta at dei øvrige delane av reguleringsplanen skal ha rettsverknad. Departementet tek avgjerd om motsegna skal verte teken til følgje og kan gjere dei endringar i reguleringsplanen som vert påkrevne.

Kommunestyret skal altså ta stilling til om reguleringsplanen skal vedtakast etter plan og bygningslova (pbl.) §12-12. Kommunestyret skal og ta stilling til om uløyste motsegner skal takast til følgje, eller om dei skal sendast vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

## Vurdering

Det kom i høyringsperioden inn følgjande 5 merknadar:

### NVE, brev datert 22.04.22

- har motsegner til planen. Grunnlaget for motsegnene er at planen ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til flaumfaren i planområdet, og at den ikkje sikrar at tiltak ikkje fører til uakseptable konsekvensar for flaum- og erosjonsfare på tilstøytande areal.
- for at grunnlaget til motsegn skal falle bort, må de markere alt flaumutsett areal med omsynssone H320 og knyte til føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.
- for at grunnlaget til motsegn skal falle bort, må de dokumentere at dei terrengendingane planen opnar for ikkje fører til uakseptable konsekvensar
- har eit sterkt fagleg råd om at det må gjennomførast avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire
- vil sterkt rå i frå å gjere inngrep i dei naturverdiane som flaummarksskogen representerer, og planen bør endrast slik at ein unngår nedbygging/øydelegging av desse naturverdiane.
- rår til å sette grenser for kor djupt ein kan ta ut massar, for å unngå å lage nytt flaumareal.

### *Vurdering av administrasjonen:*

*- Administrasjonen er samd med NVE i vurderinga av manglande omsynssone for flaum med tilhøyrande føresegner, og manglande dokumentasjon på at terrengendingar ikkje får uakseptable konsekvensar for tilstøytande areal, og manglande vurdering av kvikkleire i området. Tiltakshavar har bestilt tilleggsutgreiingar av Norconsult for desse punkta, og administrasjonen legg til grunn av desse punkta vert godt nok dokumentert, og at NVE trekk motsegnene. Når det gjeld punktet om å ikkje gjere inngrep i dei naturverdiane som flaummarksskogen representerar, og tilråding om å endre planen for å unngå nedbygging, så ser administrasjonen at dette er vanskeleg å ta til følgje, samstundes som ein skal leggje til rette for golfbane i området. Administrasjonen ser likevel at tiltakshavarane har gjort fleire grep i planen gjennom prosessen for å ivareta mest mogleg av naturverdiane i området, for å unngå å råke meir natur enn heilt naudsynt, og for å ivareta spesielt kantvegetasjon og så mykje som mogleg av flaummarksskogen. Administrasjonen meiner ein må kunne akseptere at noko av desse naturverdiane må akseptertast at vert bygd ned av etablering av golfbane. Det er også slik at golfbane er eit lett reversibelt tiltak, slik at området kan reetablerast som flaummarksskog dersom golfbana på lang sikt ikkje vert nytta. Det er og viktig å ta med i denne vurderinga at området allereie har inngrep frå breid kraftlinjerydding tvers over flaummarksskogen. Sjå elles vurdering under Statsforaltaren sitt innspel. Når det gjeld punkt om grense for kor djupt ein kan ta ut massar, er administrasjonen samd i dette, og rår til å ta innspelet til følgje.*

### Statsforvaltaren i Vestland, brev datert 21.06.22

- har motsegner til planen. Grunnlaget for motsegnene er at planframlegget viser eintydig at ein svært verdifull flaummarksskog vil gå tapt dersom golfbana blir bygd i Sløgrandane. Dette er ikkje berre eit svært artsrikt område med fleire sjeldne og hittil ukjende insektsartar i Noreg, men også ein av dei største attverande restane i Vestnad av den truga naturtypen flaummarksskog. Dei skisserte framlegga til omsynsoner og avbøtande tiltak er underdimensjonerte og langt frå tilstrkkelege til å kunne ta vare på arts- og naturmangfaldet i området. Etter Statsforvaltaren si vurdering er det ikkje plass til å byggje ei 9-hols-golfbane i planområdet utan at naturmangfald av nasjonal verdi går tapt.

*Administrasjonen si vurdering:*

*- Administrasjonen er samd i at området har naturverdiar og at flaummarksskogen er verdifull. Kommunane har eit stort ansvar når det gjeld ivaretaking av naturmangfaldet, og Lærdal kommune tek dette ansvaret på høgste alvor i forvaltninga, både i enkeltsaker og i større plansaker. Det er slik at kommunen har store verdiar på mange område, både i forhold til kulturlandskap, kulturminne, jordvernet og naturmangfaldet. Blant anna er store deler av kommunen lagt under strenge restriksjonar pga. villreinområde, UKL-område, store verna bygningsmiljø, natur- og landskapsvern, osv. I tillegg kjem svært stor grad av naturfare i kommunen. Alle desse verdifulle områdene har i stor grad bandlagd store delar av kommunen i ulik form for verneområder og omsynsoner med strenge føresegner. Kommunen som planmyndigheit har eit stort ansvar for å ivareta både alle verdiane og samfunnssikkerheit i all planlegging og forvaltning. Dette er ei krevjande oppgåve, spesielt når kommunen også har eit stort behov for noko utvikling. Kommunen har stor grad av fråflytting, og prognosane tilseier at det skal bli stor demografisk skeivheit i åra som kjem, med stort tal eldre, medan dei yngre vert færre. Kommunen har behov for å gjere tiltak som gjer kommunen attraktiv som bustadkommune, for å motverke desse prognosane. Bygging av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og andre møteplassar og aktivitetstilbod er svært viktige samfunnsinteresser, spesielt for Lærdal kommune i den situasjonen me er i. Då det ikkje finst areal i Lærdal kommune som ikkje har omsynsoner i form av naturfare, jordvern, naturverdiar, kulturlandskapsverdiar eller andre viktige omsyn, så må me akseptere at når større tiltak skal etablerast, så må det gå utover enkelte verdiar. Golfklubben har jobba i mange år med å finne eigna areal til golfbana, og kommunen har følgd dei i heile denne prosessen. Fleire aktuelle område har vore sjekka ut, og det viser seg utfordrande uansett kvar i bygda ein prøver. Det er slik at golfbane treng mykje areal, men det er og slik at tiltaket er lett reversibelt. Det er og slik at det på golfbana er ynskjeleg å ivareta mest mogleg naturleg natur i området, då dette gjer bana meir attraktiv. Karta som syner tiltaket kan difor vera noko misvisande, då det ser ut til at all skog skal ryddast, då dette ikkje er tilfelle. Det har vore viktig for kommunen at mest mogleg av kantvegetasjonen langs Lærdalselva og Nivla vert ivareteke, og at det vert ståande att så mykje skog som mogleg i området. Det har og vore viktig at turstiar vert ivareteke eller reetablerte, og at tiltaket ikkje får negative konsekvensar for fiske/anadrom laksefisk i elvane. Når det gjeld arealet i Sløgrandane, er området eit attgroingsområde som ikkje har noko form for vern pga. naturmangfald per i dag. Området har fått registrert viktige naturtypar og prioriterte artar etter ny undersøking av Statsforvaltaren, etter golfklubben var komme godt i gang med sitt planleggingsarbeid. Det er slik at i dei fleste attgroingsområde vil ein stort sett finne naturmangfald av stor verdi. I dette området har grunneigar kunne teke ut skog når som helst, og det er etablert større kraftlinje over området,*

*der det er rydda all skog i linjebeltet. Dei fleste registreringane av prioriterte artar som ligg i fylkesatlas/naturbase ligg i kantvegetasjonsbelte langs Nivla, som er vegetasjonsbelte som skal ivaretakast. Administrasjonen meiner at planarbeidet legg opp til ei god utvikling av området, der ivaretaking av mest mogleg natur har fått mykje og viktig fokus.*

*Administrasjonen er nøgd med korleis planen legg opp til ivaretaking av kantvegetasjon, mest mogleg skog og anna vegetasjon, og meiner at dette er ei viktig utvikling av eit idrettsanlegg i kommunen på ein svært eigna plass. Administrasjonen er og nøgd med at planarbeidet ikkje legg opp til å råke flaum- og vårmarksområde nord for masseuttaket, langs Lærdalselva. Dette er eit attgroingsområde som har fått lite merksemd, men som har nokon av dei same kvalitetane og verdiane som arealet på Sløgrandane. Det er og eit tilsvarane areal på andre sida av Lærdalselva (mellom elva og Saltkjelen), som og er eit slikt attgroingsareal og overflaumingsareal med store naturverdiar. Dette arealet vert heller ikkje råka av utbygging pga. flaumfare, og vil bli ivareteke for framtida.*

*Det er ikkje mange stadar ein kan etablere ei golfbane der alle grunneigarane er samde i tiltaket, der tiltaket ikkje i serleg grad går utover jordvernet, og der tiltaket ikkje konkurrerer med andre viktige utviklingstiltak. Utvikling av golfbane i området vil og ha viktige ringverknadar for heile nærmiljøet på Ljøsne, då golfklubben saman med næringsetableringar og grendalag også har planar om å etablere meir nærmiljøanlegg og aktivitetstilbod på det etablerte idrettsanlegget ved gamle Ljøsne skule. Golfbana i dette området vil og styrke etablerte næringar knytt til reiseliv, då spesielt kafe og overnattingstilbod. I gamle Ljøsne skule rett ved, er det under etablering kafetilbod og diverse, og golfklubben har samarbeidsplanar med desse om utvikling av området. Golfbana vil ha store ringverknadar for kommunen generelt, då bana vert planlagd som eit regionalt anlegg i fylket. Det er ikkje mange golfbaner i fylket, spesielt ikkje i gamle Sogn og Fjordane, og eit slikt anlegg vil trekke besøkande og styrke ulike næringar i kommunen.*

*Administrasjonen er samd i at området har store naturverdiar, men meiner at dei negative konsekvensane her kan akseptast i høve dei positive konsekvensane for næring, buattraktivitet, nærmiljø og idrett (herunder folkehelse). Det vert og peika på dei andre overflaumingsareala/flaumskogane i området, som vert ivareteke. I ei samla vurdering av dei store samfunnsinteressene ei etablering av ei slik golfbane har for Lærdal kommune, og ringverknadane av denne, rår administrasjonen til at motsegnene frå Statsforvaltaren ikkje vert teke til følge, og at motsegnene vert sendt vidare til departementet til endeleg avgjerd. Me viser her og til vurdering av Naturmangfaldlova §§ 8-12 lenger nede i vurderinga.*

Stian Fagerlund, brev datert 03.05.22

*- minner om at drifta av grustaket i dag føregår under uregulerte tilhøve, og problemstillingane under punkta støy og trafikk aldri har vore utgreia, målt eller vurdert i den grad ein kan forvente i reguleringssamanheng. Når det vert lagt til grunn at det ikkje vert endringar i i støy og trafikkfrekvens, og dette ikkje vert vidare utgreia, står desse viktige punkta i praksis uvurderte i høve drifta på grustaket på Mo. Meiner difor at verknadane for nærmiljøet må vurderast på nytt i høve trafikk.*

*Administrasjonen si vurdering:*

*Administrasjonen er samde med Fagerlund i at det er uheldig at tidlegare uttak ikkje har vore*



*regulert, og at konsekvensane for nærmiljøet såleis aldri tidlegare har vore tilstrekkeleg vurdert. Administrasjonen er og samd i at tiltakshavar i planarbeidet mogleg ikkje har vurdert dette godt nok, og at det ikkje er tilsreккеleg å vurdere at det ikkje blir auka negativ konsekvens i høve uttaket som allereie er etablert. Det stiller større krav til utgreiingar av eit tiltak som ikkje tidlegare er vurdert, sjølv om tiltaket er etablert. I denne saka er det også slik at tiltakshavar har fått konsesjon til uttaket, gjennom ei større konsesjonssak. Her vart trafikk og støy med i vurderingane, men også her vart mykje av tiltaket vurdert opp mot eksisterande uttak, og ikkje ein 0-situasjon, altså vurdering opp mot ingen uttak i området. Det er difor viktig at kommunen tek dette på alvor, då uttaket tidlegaer ikkje har vore vurdert i høve trafikk og støy for nærmiljøet. Det vert difor rådd til at det skal utarbeidast støyvurdering med støymåling og støykart og trafikkanalyse knytt til utvida masseuttak, og at det skal vurderast og gjennomførast avbøtande tiltak i samråd med kommunen innan det nye utvida masseuttaksområde vert teke i bruk. Analyse og etablering av eventuelle avbøtande tiltak skal etablerast og godkjennast av kommunen før nytt uttaksområde vert teke i bruk.*

#### Statens vegvesen, brev datert 06.05.22

- krav knytt til kryssutforming og busslomme ved tidlegare Ljøsne skule er innfridd gjennom anna reguleringsplan, og er dermed ikkje noko problemstilling i denne plansaka.  
- peikar på at planomtalen i liten grad drøftar trafikk og trafikktryggleik, og saknar spesielt ei vurdering av konsekvensar knytt til transport til og frå massetaket, og eventuell oppfølging i planframlegget.

#### *Vurdering av administrasjonen:*

*- Administrasjonen er samd i at planarbeidet i liten grad vurderer konsekvensar knytt til transport til og frå massetaket, og eventuelt avbøtande tiltak. Administrasjonen rår difor til at det vert stilt krav til at det skal utarbeidast enkel trafikkanalyse knytt til utvida masseuttak, og at det skal vurderast og gjennomførast avbøtande tiltak i samråd med kommunen innan det nye utvida masseuttaksområdet vert teke i bruk. Analyse og etablering av eventuelle avbøtande tiltak skal etablerast og godkjennast av kommunen før nytt uttaksområde vert teke i bruk.*

#### Vestland fylkeskommune, brev datert 05.05.22

- ser at det i planarbeidet er teke omsyn til våre tidlegare innspel vedrørande utforming av avkøyrsløse og parkering, og har ikkje ytterlegare merknadar til planarbeidet.

#### *Administrasjonen si vurdering:*

*- Innspelet vert teke til orientering.*

#### Vurdering knytt til Naturmangfaldlova § 8-12

#### NML § 8, Kunnskapsgrunnlaget:

Det er gjennomført større og grundige kartleggingar i området etter planarbeidet starta. Statsforvaltaren har gjennomført eigne kartleggingar, og det er gjort både registreringar av insekt og registreringar av prioriterte artar for vegetasjon. Administrasjonen vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å kunne vurdere konsekvensane for naturmangfaldet,

vegd opp mot storleiken av tiltaket.

NML § 9, Førre-va-prinsippet:

I denne saka vert det vurdert at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å ikkje vurdere at førre-va-prinsippet er naudsynt å ta i bruk. Ein er her klar over konsekvensane av å gjennomføre tiltaket, og det er ikkje mangel på kunnskap om naturmangfaldet og konsekvensane av tiltaket.

NML § 10, økosystemtilnærming og samla belastning:

På Ljøsne er det generelt store jordbruksareal og mykje kulturlandskap. Området er noko prega av inngrep knytt til vegsamband, fleire masseuttak og spreidd bustad og landbruk. Området framstår likevel som landleg, med mykje jordbruk, kulturlandskap og natur. Det vert vurdert at det samla i området er teke vare på mykje natur og kulturlandskap, og at området også etter tiltaket er etablert vil framstå som landleg med mykje natur. Samla har ikkje Ljøsne stor grad av inngrep eller utbygging. Samla belastning i området vil sjølvsagt auke noko når ei golfbane vert etablert, for noko natur i form av vegetasjon vert rydda, og det vert etablert anna vegetasjon og tiltak som gras, sand og grus på ein del av området. Administrasjonen meiner likevel at det er fleire område med tilsvarende verdiar i nærområdet, slik som den større flaumskogen mellom Lærdalselva og Saltkjelen bustadfelt, og langs Lærdalselva rett nord for eksisterande masseuttak. Desse områda er ikkje detaljkartlagd, men truleg vil ein finne mykje av samme naturtype og prioriterte artar i desse områda. Desse områda vil ikkje bli råka, då dei ligg i flaumareal for Lærdalselva, og er viktige for fiske. Spesielt området ved Saltkjelen bustadfelt vert ofte overflaumd, og har mykje av same naturtypen som på Sløgrandane. Administrasjonen meiner difor at samla økosystem-belastning vert vurdert som akseptabel, då samfunnsinteressene for tiltaket er store, og det finst same naturtype som vert ivareteke i nærområdet.

NML § 11, kostnadane ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar:

Tiltakshavar må ta kostnadane og konsekvensane av avbøtande tiltak, som f.eks. å avgrense tiltaket for å ivareta kantvegetasjon og mest mogleg natur i området kring og i golfbana.

NML § 12, Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar:

Det er i planomtalen og vurdering av Naturmangfaldet gjort grundige vurderingar i høve ivaretaking av mest mogleg av naturmangfaldet i området. Det er i dialog med Statsforvaltaren også utvida kantvegetasjonsbelter og sett omsynssoner for å ivareta mest mogleg vegetasjon i området. Administrasjonen meiner tiltakshavar har strekt seg langt for å ta vare på mest mogleg av naturen i planområdet, og har også vurdert driftsmetodar for å ivareta mest mogleg naturleg vegetasjon. Administrasjonen meiner dei avbøtande tiltaka i planen er tilstrekkeleg for å ivareta så mykje naturmangfald som mogleg i området.

Det vert vurdert at det ligg til rette for å vedta den delen av planen som omhandlar masseuttak som arealføremål. Statsforvaltaren har i eige skriv stadfesta at deira motsegn ikkje omhandlar området som er sett av til masseuttak. Då tiltakshavar har fått konsesjon av Direktoratet for mineralforvaltning til tiltaket, er det viktig at det også vert vedteke reguleringsplan for uttaket, slik at tiltakshavar har alle naudsynte løyver og planar på plass for å kome i gang. Det vert

vurdert at motsegna frå NVE ikkje omhandlar området for masseuttaket, då dette ikkje er omtala i deira skriv. Administrasjonen rår likevel til at det vert sett krav til trafikk- og støyanalyse for masseuttaket, som skal godkjennast av kommunen med eventuelle avbøtande tiltak, før uttaket kan ta til. Normalt vil ein sette krav til dette før planen kan vedtakast, men i dette tilfellet har og saka vore gjennom ei omfattande konsesjonssak som vart godkjend, slik at ein ser at ein her i forhold til samordningsprinsippet i Plan- og bygningslova kan leggje opp til ein meir smidig prosess. Det er likevel viktig at tiltakshavar følgjer opp desse punkta, for å gjennomføre lovleg drift av masseuttaket. Administrasjonen rår og til at masseuttaket får krav om å ikkje ta ut massar under eksisterande terrengnivå, for å unngå å lage nye flaumareal, i tråd med innspel frå NVE.

Då det vert vurdert å ikkje ta motsegna frå Statsforvaltaren til følgje, må den delen av planen som omhandlar golfbana sendast vidare til departementet for endeleg avgjerd. Det har vore dialogmøte med Statsforvaltaren tidlegare i prosessen, og det har vore dialog med Statsforvaltaren på telefon ved fleire høve i prosessen. Det er konkludert i samråd med Statsforvaltaren at det er vanskeleg å koma med ytterlegera kompromissløyser i saka, så mekling vert difor sett på som lite teneleg i denne saka. Det vert difor vurdert at saka kan sendast til departementet utan mekling i forkant.